



Framleis lukkelege: Diamantbrudeparet Haugland

**Cafe Tlaren har ein trufast gjesteskare og det mest trufaste paret er truleg Sigrun (79) og Trygve Haugland (85). I dag var det ein særleg grunn til å ynskja det trivelege paret velkommen for torsdag er det 60 år sidan dei vart gift i Uskedalskyrkja. Dei er med andre ord eit diamantbrudepar!**

**Kafeen hadde også eit spesielt besøk i dag - av eit italiensk par som sykla rundt Sunnhordland!**



Førebels optimistiske: Sykkelparet frå Italia

Men fyrst Sigrun og Trygve:

Sigrun som sleit barneskoa sine på

Tysnes var ein av fleire som møtte ektemannen sin på hermetikkfabrikken i Beinavikjo.

Ho og Trygve minnast bryllupsdagen som han var i går, men så var den også spesiell i bygda.

Det offisielle gjestetalet heime på

Haugland var 188 og gjestebodet vart avvikla på låven. Men vi har fått opplyst frå såkalla anna hald at det i tillegg var rundt rekna 50 skotrarar og det vart stort sett brislingfiskarar som tilfeldigvis låg i Uskedalen!

Når Trygve ser attende på dei 60 åra seier han det slik:

- Dei har vore som ein draum!

Sterkare kan truleg ikkje eit ekteskap karakteriserast.

Diamantbryllupet er allereie markert - på Systrene Nilsen og med 22 gjester. Berre slekta var med denne gongen og mellom dei var 2 oldebarn.

Om Alessandra Figini og Fabrizio Famularo frå Monza nær Milano vil oppleve Noreg på to hjul som ein draum er ein annan sak.

Dei er ottefulle for regnveret men satsar med friskt mot på å sykla frå Bergen og rundt Sunnhordland på 7 dagar. Dei var innom og 'bunkra' i Tlaren og tykte det var ein triveleg kafe. Både utgangs- og endepunkt var Bergen og dei to var førebels imponert over den flotte naturen.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen